



Helse- og
omsorgsdepartementet

Protokoll frå føretaksmøte i Helse Vest RHF 18. desember 2023

Driftskreditt

HELSE  VEST

PROTOKOLL FRÅ FØRETAKSMØTE I HELSE VEST RHF

Mandag 18. desember 2023 kl. 13.00 vart det halde felles føretaksmøte i dei regionale helseføretaka. Møtet vart halde på video.

Dagsorden

- Sak 1 Føretaksmøtet vert konstituert
- Sak 2 Dagsorden
- Sak 3 Endring i driftskredittramma for 2023

Frå Helse- og omsorgsdepartementet møte

Målfrid Bjærum (etter fullmakt frå statsråden)

I tillegg møtte:

- Seniorrådgjevar Martin Sjuls
- Seniorrådgjevar Mikkel Hovden Aas

Frå styret møte

- Styreleiar Agnes Landstad
- Olin Johanne Henden
- Anne Karin Hamre
- Gunnar Berge
- Oddvar Martin Kaarbøe
- Wenche Kristin Røkenes
- Tord Anton Haaland
- Geir Arne Sunde
- Solfrid Borge

Frå administrasjonen møte

Administrerande direktør Inger Cathrine Bryne

Riksrevisjonen var varsla i samsvar med lov om Riksrevisjonen § 13, men deltok ikkje.

Sak 1 Føretaksmøtet vert konstituert

Ekspedisjonssjef Målfird Bjærum ønskte, som øvste eigarmyndigheit og møteleiar, velkomen, og las opp fullmakt frå statsråden. Ho spurde om det var merknader til innkallinga. Det var ingen merknader til innkallinga.

Føretaksmøtet vedtok:

Innkallinga er godkjent. Føretaksmøtet er lovleg sett.

Styreleiar Agnes Landstad og ekspedisjonssjef Målfrid Bjærum vart valde til å godkjenne protokollen.

Sak 2 Dagsorden

Ekspedisjonssjef Målfrid Bjærum spurde om nokon hadde merknader til dagsorden. Det var ingen som hadde merknader til dagsorden.

Føretaksmøtet vedtok:

Dagsorden er godkjent.

Sak 3 Endring i driftskredittramma for 2023

Føretaksmøtet viste til Stortingsbehandlinga av Prop. 18 S (2023–2024) *Endringar i statsbudsjettet 2023 under Helse- og omsorgsdepartementet*. Her er det foreslått å auke ramma for driftskreditt til dei regionale helseføretaka med 1 287 mill. kroner, frå 22 143 mill. kroner til 23 430 mill. kroner ved utgangen av 2023. Det auka likviditetsbehovet skuldast at pensjonspremiene i 2023 er 1 287 mill. kroner høgare enn tidlegare forutsett. Den auka ramma for driftskreditt vert fordelt mellom regionane etter ordinær fordelingsnøkkel.

Helse Vest RHF sin del av auka driftskredittramme grunna høgare pensjonspremiar utgjer 246 mill. kroner. Med atterhald om Stortinget si godkjenning vert Helse Vest RHF si ramme for driftskreditt for 2023 justert opp frå 4 367 mill. kroner til 4 613 mill. kroner ved utgangen av 2022.

Føretaksmøtet vedtok:

Driftskredittramma for Helse Vest RHF vert auka med 246 mill. kroner frå 4 367 mill. kroner til 4 613 mill. kroner ved utgangen av 2023.

Møtet vart heva kl. 13.05.

Oslo, 18. desember 2023

Målfrid Bjærum

Agnes Landstad

Protokollen er elektronisk godkjent og har derfor ikkje handskrevne signaturar
